
Vår referanse 2020/35275-9
Dato 24.02.2020

OLJE- OG ENERGIDEPARTEMENTET
Postboks 8148 Dep
0033 OSLO

Høyringsfråsegn til NorthConnect - Søknad om ny straumkabel

Søknaden frå NorthConnect om å få bygge ein ny straumkabel til Skotland har vært ute på høyring. Vestland fylkeskommune har behandla saka politisk og fylkesutvalet har vedtatt følgjande fråsegn til høyringa:

1. Vestland fylke rår i frå at det vert gitt konsesjon til NorthConnect til å byggja straumkabel frå Sima i Hardanger til Skottland.
2. Ein ny utanlandskabel til eit land med høgare kraftprisar vil generelt føre til auka kraftprisar i Noreg. NVE har berekna at i kraftprisane i Noreg vil auke med 1-3 øre per kWh i snitt over NorthConnect sin levetid (40 år). Dette vil føra til ein auka kostnad for alle elektrisitetsbrukarar i Norge, - både husstandar, næringsliv og offentleg sektor.
3. Kraftkrevjande industri er særst viktig for mange kommunar og lokalsamfunn. Det er avgjerande at industrien, i eit høgkostland som Norge, ikkje vert påført auka kostnader i form av auke i kraftpris og nettleige slik bygging av denne kabelen vil føra til.
4. Det er mange planar for næringsetablering i Vestland som utløyser eit auka kraftbehov. I tillegg bør vår fornybare ressurs nyttast til å elektrifisere meir av industrien i Norge. Vestland fylke meiner difor det vert uheldig å eksportera denne ressursen ut av landet.

Vedlagt ligger protokollen frå fylkesutvalet (vedlegg 1) og saksframlegget frå administrasjonen (vedlegg 2).

Med helsing

Sølve Dag Sundbø
Seksjonssjef

Even Storheim
Rådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og har difor ingen handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Protokoll_fylkesutvalet_PS27/2020_Northconnect_2020021
4
- 2 Saksfremlegg_2020/35275-7_Northconnect